



SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Kommunestyret	17.12.2014	066/14

Saksbeh:	Saka blir avgjort av:	Arkiv:	Arkivsaknr.
Sigbjørn Haugen	Kommunestyret	N-549	12/495

Høring av Regional plan for vassregion Hordaland 2016 – 2021

Dokument i saka:

Dok.nr.	T	Dok.dato	Namn	Tittel
1	I	25.06.2012	Hordaland fylkeskommune	Hordaland vassregion- Vesentlege vassforvaltningsspørsmål. Høring
2	I	21.09.2012	Hordaland fylkeskommune	Høring til innspel til prioritering av kommande revisjonssaker for vassdrag.
4	I	13.12.2012	Fiskeridirektoratet	Uttale vedkomande vesentlege vassforvaltningsspørsmål- Vassområdet Hrad
3	U	20.12.2012	Vassregionmyndigheit Hordaland	Vesentlege vassforvaltningsspørsmål – Høyringsuttale frå Jondal kommune.
5	I	30.06.2014	Hordaland Fylkeskommune regionalavd	Høring av Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Plan- og bygningslova, Vassforskrifta

Saksopplysningar:

Vassregionmyndigheita for vassregion Hordaland legg no Regional plan for vassregion Hordaland 2016 – 2021 med tiltaksprogram ut på høyring og offentleg ettersyn, etter vedtak i fylkeskommunane Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Føremålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Denne planen er den første av tre slike planar for vassregion Hordaland. Planvedtaka blir i 2015, 2021 og 2027 og arbeidet går fram mot 2033. Høyringsfristen er 31.12.2014. Innspel skal merkjast med 2014/16490 og sendast til Hordaland Fylkeskommune.

I 2007 vedtok Stortinget "*Forskrift om rammer for vannforvaltningen*" (vassforskrifta), som implementerer EU sitt rammedirektiv for vatn i norsk rett. Formålet med vassforskrifta er å gje rammer for å setja miljømål som skal sikra eit mest mogeleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassressursane våre. Forskrifta skal sikra at det vert arbeidd ut og vedteke regionale forvaltningsplanar og tiltaksprogram for kvar vassregion, med sikte på å oppfylle miljømåla. Samtidig skal vassforskrifta syta for at det vert skaffa nødvendig kunnskapsgrunnlag for å kunna gjennomføra dette arbeidet.


Alle vassressursar skal verta karakterisert før ein startar på undersøkingar og overvaking som gjev grunnlag for tiltaksplanar. Vasskvalitet er stikkordet for alt arbeid, og målet er å oppnå minimum god økologisk og kjemisk tilstand – i utgangspunktet i alle vassressursar.

Vassforskrifta er ei økologiforskrift, og stiller nokre tydelege og nye krav:

- all vassforvaltning skal samordnast på tvers av alle sektorar som forvaltar vatn (økosystemtankegang).
- alt vatn skal forvaltast innan sitt nedslagsfelt.
- alt vatn skal ha minst god økologisk tilstand.
- alt vatn skal ha minst god kjemisk tilstand.
- samfunnsnytte skal vurderast kontinuerleg.

Det skal utarbeidast regionale planar etter plan- og bygningslova for forvaltning av vatn kvart 6. år (forvaltningsplan). Hensikta med ein regional vassforvaltningsplan er å gje ei enkel og oversiktleg framstilling av korleis me ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i vassregionen på lang sikt og i alle sektorar, slik at vi når målet med vassforskrifta. Alle berørte mynde er forplikta til å følgje opp ved å leggje planen til grunn for si planlegging og verksemd.

Figur 1. Miljømålet for alt vatn er god tilstand.



Figur 2. Planhjulet for gjennomføring etter vassforskrifta.



Organisering av arbeidet etter vassforskrifta

Alt arbeid med oppfølging av vassforskrifta i Norge er delt inn i vassregionar. Jondal kommune er med i vassregion Hordaland og vassområde Hardanger.

Vassregion Hardanger (frå forvaltningsplanen for Hordaland).


6.4 Hardanger vassområde

Hardanger vassområde

Tabell 1. Namn på dei største kommunane i Hardanger vassområde

Kommune	Totalt areal i kommunen (km ²)	Tal innbyggjarar
Ullensvang	1399	3405
Eidfjord	1492	959
Granvin	213	947
Ulvik	721	1118
Kvam	617	8442
Jondal	210	1041
Odda	1616	6985
Sum	6268	22897

Av eit totalt areal i desse sju kommunane på 6268 km², ligg 4891 km² i Hardanger vassområde. Ein stor del av Odda kommune (Røldal/ Suldalssvassdraget) ligg i Ryfylke vassområde i Rogaland vassregion. Delar av Voss kommune i grensa mot Granvin ligg i Hardanger vassområde.



Figur 1. Kart over Hardanger vassområde (raud strek)

Organisering av vassområde Hardanger

Arbeidet etter vassforskrifta vil i framtida stilla krav om eit stort engasjement frå kommunane og staten, også etter at vassforvaltnings- og tiltaksplanar er vedtekne. Utvala for vassområda skal sikra forpliktande medverknad frå kommunane. Det vil krevja fagleg forankring og kontinuitet i arbeidet mot god kjemisk og økologisk vasskvalitet. Utvala for vassområda skal også koordinera det vidare tiltaksarbeidet og vera ein arena for kompetanseinnhenting, erfaringsinnhenting og samhandling.

Korleis og på kva område planen vil påverka kommunen

- Som lovforvaltar, for eksempel for pålegg knytt til spreidde avløp (i tråd med forureiningslova). Dette krev lokalpolitiske prosessar rundt vedtak og gjennomføring, ikkje minst fordi dette i hovudsak er private anlegg som ikkje er gebyrfinansiert.
- Som tenesteproducent, for eksempel innafor VA, landbruk, kraftproducent eller eigar av hamner. Dette er område som har innverknad på i kva grad miljømål vert nådd, og som kan få ansvar for å gjennomføra tiltak. Ei utfordring er at manglande kunnskapsgrunnlag (under dette også om faktiske effektar av tiltak) vil kunna føra til krav om kostnadskrevjande tiltak utan sikker effekt.
- Som samfunnsutviklar, for eksempel i samband med avveging mellom miljømål og gode rammevilkår for næring (fiskeri, industri). Mål og ambisjonar må verta veid opp mot kostnader og effektar.

Forankring av planar i kommunen

Vedtekne forvaltningsplanar med tiltaksprogram må innarbeidast i kommunen sin kommuneplan, kommunedel- og handlings-/sektorplanar.

Meir informasjon om arbeidet etter vassforskrifta og arbeidet med å lage forvaltningsplanar for alle vassområde finn de på Vassportalen: www.vannportalen.no. Informasjon knytt til vassområde Hardanger finn de under vassregion Hordaland sine sider: www.vannportalen.no/Hordaland.

Utgreiing av kostnader/finansiering

Det er kostnader knytt til arbeidet i kvart enkelt vassområde. Så langt har kommunane teke ein stor del av kostnadene knytt til å arbeida ut lokale tiltaksanalysar.

I tillegg er det i forslag til forvaltningsplanar primært definert tiltak som fell inn under sektoransvaret til kommunen. Det manglar informasjon og forslag til tiltak frå mange andre sektorar. Det kan derfor vera freistande å gripa fatt i dei tiltak som alt er føreslege – der kommunane har ansvaret for dei fleste. Det er difor ein risiko for at dei endelege tiltaksplanane ikkje er prioritert etter eit kost-nytte-prinsipp, men at tiltaka med mest presise kostnadsvurderingar vert valt.

Det er ein risiko for at kommunane og avløpssektoren får rekninga, fordi det er her det finst konkrete tiltak og stringent oppfølging frå styresmaktene. Mange aktørar er involvert, men svært mykje av oppfølging av tiltaka vil skje via kommunane. Dersom ikkje sektorinteresser som landbruk, fisk, veg, jernbane og energiproduksjon blir med som fullverdige deltakarar i forvaltningsplan m/tiltaksprogram – og der tiltak vert prioritert ut frå gode kost/nytteutrekningar, blir det ingen overordna vassforvaltning. Miljømål vil då bli innfridd på ein svært kostnadskrevjande måte, og det vil ikkje vera mogeleg å innfri alle mål.

Vassforvaltningsplanen stiller krav til vurdering av lokale utfordringar på ei rekkje område som til dømes:

1. Forsuring
2. Landbrukssektoren
3. Vasskraftregulering
4. Habitatforbetrande tiltak
5. Vatn- og avløpssektoren
6. Ureina sediment
7. Framande artar i ferskvatn
8. Arealplanlegging

Sur nedbør, vasskraftutbygging, fysiske inngrep, miljøgifter og biologisk påverknad er dei største kjeldene til påverknad av vassdraga i Hordaland. Forsuring pregar vasskvaliteten i fleire vassdrag, og kalkingsprosjekt er i gang for å betre vassmiljøet. Fleire av vassdraga er utbygd til vasskraft. Nedtappa vatn og manglande vassføring er fleire stader årsak til dårlege oppvekstvilkår for fisk. I tillegg kan nedtapping redusera rekreasjonsverdien. Utslepp av nærings salt frå landbruk og avløp utgjør ei anna stor kjelde til påverknad og kan føre til overgjødning, igjengroing og dårlege oppvekstvilkår for fisk og flora. Tiltak for å betre tilhøva for laks og sjøaure på ulike vis er ei vesentleg utfordring for forvaltninga.

For å nå miljømåla skal eit regionalt tiltaksprogram gje oversyn over tiltak for å førebygge, forbetre og/eller retta opp att tilstanden der det er naudsynt. Totalt har tiltaksprogrammet 34 tiltak som omfattar vassførekomstar i Jondal. Jondal kommune er oppført som ansvarleg for å gjennomføra 3 av desse tiltaka. Dette er tilsyn med landbruket, kartlegging av utslepp frå nedlagd avfallsplass og vurdering av minstevassføring i Storelva.

11 av dei 34 tiltaka omfattar vassførekomstar som er påverka av vasskraft og 10 av tiltaka gjeld sur nedbør.

Når det gjeld *Støsdalselvi ved Tvidal/047-108-R* og *Storelvi ved Galtasete/047-60-R* er opplysningane i tiltakstabellane feil. Det vert vist til høyringsuttale frå kommunen, dokument 3 i saka, dagsett 20.12.2012.

Tiltakstabellar for elvar, innsjøar og sjøområda i Jondal.

Tabell 16. Tiltakstabell for elver (kortversjon)

Vannforeløp id-nr	Navn	Kommune	Risiko-vurdering	Påvirkning	Forslag Standard miljømål	Foreslåtte/ planlagte/ påbegynte tiltak	Myndighet
047-101-R	Jondalselvi	Jondal	Risiko	Sjøpelfyllinger	GØT 2021	Problemkartlegging. Vurdere å sette i gang pumpestasjon sigevann	Jondal kommune
047-101-R	Jondalselvi	Jondal	Risiko	Flomverk og forbygninger	GØT 2021		NVE
047-101-R	Jondalselvi	Jondal	Risiko	Fiske tiltak/terskler	GØT 2021		NVE
047-101-R	Jondalselvi	Jondal	Risiko	Med minstevannføring (ny konsesjon)	GØT 2021	Minstevannføring 300 l/s 1.5-30.9. 60 l/s resten av året.	NVE
047-101-R	Jondalselvi	Jondal	Risiko	Med minstevannføring (ny konsesjon)	GØT 2021	Forbedring av gyte plasser	NVE
047-101-R	Jondalselvi	Jondal	Risiko	Med minstevannføring (ny konsesjon)	GØT 2021	Problemkartlegging	NVE
047-101-R	Jondalselvi	Jondal	Risiko	Uten minstevannføring (gammel konsesjon)	GØT 2021	Variabel miljøtilpasset vannføring (foreslått i ny konsesjon)	NVE
047-101-R	Jondalselvi	Jondal	Risiko	Med minstevannføring (ny konsesjon)	GØT 2021		Miljødir.
047-101-R	Jondalselvi	Jondal	Risiko	Påvirket av rømt fisk	GØT 2021		Fiskeridir.
047-101-R	Jondalselvi	Jondal	Risiko	Påvirket av lakselus	GØT 2021		Mattilsynet
047-103-R	Krossdalselvi og Brattabøelvi	Jondal	Risiko	Annen landbrukskilde	GØT 2021	Problemkartlegging	FM, Kommune
047-105-R	Flatabøelvi	Jondal	Risiko	Uten minstevannføring	GØT 2027	Variabel miljøtilpasset vannføring	NVE

Vannforeløp id-nr	Navn	Kommune	Risiko-vurdering	Påvirkning	Forslag Standard miljømål	Foreslåtte/ planlagte/ påbegynte tiltak	Myndighet
047-108-R	Stølsdalselvi ved Tvidal	Jondal	Ikke risiko	Påvirket av rømt fisk			Fiskeridir.
047-112-R	Bjørndøla	Jondal	Risiko	Uten minstevannføring	GØT 2027	Variabel miljøtilpasset vannføring	NVE
047-114-R	Stampelva sidebekker	Jondal	Risiko	Sur nedbør	GØT 2021		FM
047-115-R	Bekker Gangdalsviki	Jondal	Risiko	Sur nedbør	GØT 2021		FM
047-16-R	Torsnese lva	Jondal	Ikke risiko	Med minstevannføring	GØT 2015		NVE
047-16-R	Torsnese lva	Jondal	Ikke risiko	Avrenning fra annen landbrukskilde	GØT 2015	Problemkartlegging	Kommune
047-16-R	Torsnese lva	Jondal	Ikke risiko	Sur nedbør	GØT 2015		FM
047-37-R	Torsnesvatn bekkefelt	Jondal	Risiko	Sur nedbør	GØT 2021		FM
047-39-R	Stampelva	Jondal	Risiko	Sur nedbør	GØT 2021		FM
047-42-R	Kveite lva	Jondal	Risiko	Sur nedbør	GØT 2021		FM
047-46-R	Indre Vikane bekker	Jondal	Risiko	Sur nedbør	GØT 2021		FM
047-50-R	Jondalselvi bekker	Jondal	Risiko	Sur nedbør	GØT 2021		FM
047-57-R	Stølsdalselvi sideelver	Jondal	Risiko	Sur nedbør	GØT 2021		FM
047-60-R	Storelvi ved Galtasete	Jondal	Risiko	Vannuttak til fiskeoppdrett – med minstevannføring	GØT 2021	Problemkartlegging. Vurdere økt minstevannføring.	Jondal kommune

Tabell 17. Tiltakstabell innsjøer (kortversjon)

Vannforeløpnummer	Navn	Kommune	Risiko	Påvirkning	Forslag Standard miljømål	Foreslåtte/ planlagte/ påbegynte tiltak	Myndighet
047-1697-L	Dravladalsvatn	Jondal	Risiko	Vannkraftsdam	GØP 2033	Vannstandsbegrensning. Revisjon	NVE
047-1698-L	Kvanngrovvatn	Jondal	Risiko	Vannkraftsdam	GØP 2033	Vannstandsbegrensning. Revisjon	NVE
047-27454-L	Svartvatnet, Herand	Jondal	Risiko	Sur nedbør	GØT 2021		FM
047-27491-L	Vassendvatnet	Jondal	Risiko	Sur nedbør	GØT 2021		FM

Tabell 18. Tiltakstabell kystvannforekomster (kortversjon)

0260040800-C	Samlafjorden	Jondal, Ullensvang, Granvin, Kvam	Risiko	Industri (ikke-IPPC)	GØT 2027	Ifr tiltak industri Odda	Miljødirektoratet
0260040800-C	Samlafjorden	Jondal, Ullensvang, Granvin, Kvam	Risiko	Oppdretts-anlegg: Lakselus, rømning	GØT 2027	Egne tiltak fra departementet?	Mattilsynet, Fiskeridirektoratet
0260040800-C	Samlafjorden	Jondal, Ullensvang, Granvin, Kvam	Risiko	Renseanlegg 10.000 PE	GØT 2027	Kvam: Nytt mekanisk avløps-rense-anlegg i Øystese (2015). Tiltaksovervåking	FM
0260040700-C	Hissfjorden	Kvinnherad, Jondal, Kvam	Risiko	Industri (ikke-IPPC)	GØT 2027	Ifr tiltak industri Odda	Miljødirektoratet

Vurdering:

Regional plan for vassregionar er ein overordna plan både geografisk og på tvers av sektorar og organisering. Vatn er ein livsviktig ressurs og forvaltning av ressursen på ein trygg måte er kritisk viktig for samfunnet vårt. Rådmannen er positiv til arbeidet med å betre miljøtilstanden i vassdraga. Vassforvaltingsplanane er vårt hittil beste verktøy for betre avvegingar mellom kraftproduksjon og naturmiljø, der også samfunnsnytte og samfunnskostnad i eit breiare perspektiv må vurderast.

For kommunen stiller planen krav om organisatorisk og fagleg kompetanse og ikkje minst vert det eit spørsmål om ressursar til overvaking, utgreiing og planlegging.

Arbeidet med vassforvaltingsplanar er positivt, men rådmannen tykkjer prosessen har vore prega av lite reell involvering, og planen ber preg av at sentral kunnskap manglar. Planen er dermed einsidig og manglar heilskap. Ifølgje vassforskrifta skal forvaltingsplanen sikra både heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane. Planen legg einsidig vekt på å verna lokalt vassmiljø. Klima- og miljøutfordringane har ikkje fått ei heilskapleg tilnærming, og samfunnsnyttan ved berekraftig bruk av vassressursane er lite vektlagt, blant anna med tanke på vasskrafta sin verdi for klima, forsyningstryggleik og verdiskaping.

Rådmannen meiner planen gjer det vanskelegare å oppnå politiske vedtekne mål om meir fornybar energi i Noreg. Me risikerer å tapa mykje regulert kraft, som har ein langt større verdi enn uregulert kraft som det blir bygt mykje av i dag. Statkraft har kalkulert

produksjonstapet for Folgefonn til 143 –180 Gwh/år. Vidare peikar dei på større risiko for flaum som ein konsekvens av dei mogleg føreslegne tiltaka som berører kraftproduksjonen for Folgefonna. (Jukla og Mauranger kraftverk)

Dersom me reduserer den noverande produksjonen av fornybar energi, må dette kompenseras med nye utbyggingar og dermed nye naturinngrep. Tiltak som reduserer vasskraftproduksjonen bør fjernast frå den endelege planen dersom dei ikkje byggjer på ei god kost/nytte-vurdering av kva som er best for samfunnet totalt sett.

Noreg er forplikta overfor EU til å oppfylle måla i planen. Det er fyrste gong slike forvaltingsplanar blir utarbeidd, og eit mangelfullt kunnskapsgrunnlag tilseier at planen må bli mindre omfattande. Rådmannen meiner det ikkje må foreslåast mål og tiltak med negative følgjer for produksjon av vasskraft, utan at det blir underbygd med kost/nytte-vurderingar av kva som er best for samfunnet totalt sett. Det blir lagt opp til at kost/nytte-analysar kan gjennomførast på eit seinare stadium, kanskje etter at planen er vedteke. Det tek frå andre aktørar moglegheita til å kommentera kost/nytte-vurderingane.

Dette er den fyrste planen i sitt slag og er svært omfattande. Det vil bli krevjande å gjennomføra planen. Den endelege planen bør gjerast mindre omfattande.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANN:

- 1. Jondal kommune ser positivt på arbeidet med å sikra ein felles, berekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektorstyresmaktene, og ynskjer å vera ein aktiv bidragsytar til at måla i vassforskrifta vert nådde.*
- 2. Jondal kommune vil framheva behovet for styrkte økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikra innføring av direktivet i vassforvaltinga og gjennomføring av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområde.*
- 3. Vassforvaltingsplanen skal sikra både heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane, men planen legg einsidig vekt på å verna lokalt vassmiljø. Klima- og miljøutfordringane har ikkje fått ei heilskapleg tilnærming, og samfunnsnyttan ved berekraftig bruk av vassressursane er i for liten grad vektlagt, blant anna med tanke på vasskrafta sin verdi for klima, forsyningstryggleik og verdiskaping. Planen gjer det av den grunn vanskelegare å oppnå politiske vedtekte mål om meir fornybar energi i Noreg.*
- 4. Tiltak som reduserer vasskraftproduksjonen må fjernast frå den endelege planen dersom dei ikkje byggjer på ei god kost/nytte-vurdering av kva som er best for samfunnet totalt sett.*

Siv Helle Prestegard
rådmann

Framlegg frå Magnar Sollesnes, Sp:

Nytt pkt.

I Kvanngrøvatn har det vorte ei radikal endring i styringa av vasstanden. Vatnet er no heilt nedtappa om sumaren. Jondal kommune forventar at Statkraft syter for ein høg og stabil vasstand i Kvanngrøvatn om sumaren. Dette må skje snarast.

Framlegg frå Per Gunnar Hammer, H:

Pkt 4 i tilrådinga frå rådmannen går ut.

Røysting:

Framlegget frå Magnar Sollesnes vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Per Gunnar Hammer 2 røyster (2H) og fall.

Tilrådinga frå rådmannen med tillegg frå Magnar Sollesnes vart samrøystes vedteke

KS-066/14 VEDTAK:

- 1. Jondal kommune ser positivt på arbeidet med å sikra ein felles, berekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektorstyresmaktene, og ynskjer å vera ein aktiv bidragsytar til at måla i vassforskrifta vert nådde.*
- 2. Jondal kommune vil framheva behovet for styrkte økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikra innføring av direktivet i vassforvaltinga og gjennomføring av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområde.*
- 3. Vassforvaltingsplanen skal sikra både heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane, men planen legg einsidig vekt på å verna lokalt vassmiljø. Klima- og miljøutfordringane har ikkje fått ei heilskapleg tilnærming, og samfunnsnyttan ved berekraftig bruk av vassressursane er i for liten grad vektlagt, blant anna med tanke på vasskrafta sin verdi for klima, forsyningstryggleik og verdiskaping. Planen gjer det av den grunn vanskelegare å oppnå politiske vedtekne mål om meir fornybar energi i Noreg.*
- 4. Tiltak som reduserer vasskraftproduksjonen må fjernast frå den endelege planen dersom dei ikkje byggjer på ei god kost/nytte-vurdering av kva som er best for samfunnet totalt sett.*
- 5. I Kvanngrøvatn har det vorte ei radikal endring i styringa av vasstanden. Vatnet er no heilt nedtappa om sumaren. Jondal kommune forventar at Statkraft syter for ein høg og stabil vasstand i Kvanngrøvatn om sumaren. Dette må skje snarast.*